



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 27.05.2016
Vår ref.: 2016/4911-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 16/1340-16/12907

Varsel om kulturhistorisk synfaring - Tveiten - gnr 139 bnr 65 - dispensasjon - bygging av bustad - Lindås kommune

Viser til brev datert 12.05.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Ut frå potensiale for funn av forhistoriske kulturminne i det aktuelle området, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn i samband med kulturminne. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.